

Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Akersgata 59
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:
07/343

Deres ref.:
200601327-/CGU

Saksbehandler:
Erik M. Hansen/ Johnny Heggstad

Dato:
20.08.2007


Høringssvar – referansekatalog over anbefalte og obligatoriske IKT-standards for offentlige virksomheter

Viser til brev datert 11.05.2007.

Helse Vest RHF har fylgjande tilbakemeldingar;

1. Det er positivt at Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) tek initiativ til å auke bruken av opne standardar gjennom utvikling av ein referansekatalog.
2. Det er viktig at standardar ikkje vert gjort obligatoriske før dei er tilstrekkeleg modne og konsekvensane er kartlagde og handterlege. Ved fleire høve tidlegare har offentleg sektor vorte sett på sidespor gjennom feil val av standardar som seinare ikkje har vunne marknadsaksept. Eit eksempel er standardisering på X.400 epost som vel må sjåast som eit feilgrep.
3. Basert på argumentasjonen frå punkt 2, er det vårt syn at det er for tidleg å gjere Open Document Format (ODF) til obligatorisk standard. Denne standarden bør gjevast status "anbefalt".
4. Portable Document Format (PDF) og ISO/IEC 10646, UTF8 kan etter vårt syn gjerast til obligatoriske standardar, men det er viktig at fristen vert sett så langt fram i tid at det er mogeleg å gjennomføre ei omlegging.
5. Dersom PDF vert gjort til ein obligatorisk standard, bør det og takast initiativ for å gje offentleg sektor tilgang til opne gratisprodukt for å kunne generere PDF dokument (ikkje berre fri tilgang til PDF-lesar).

Med venleg helsing



Herlof Nilssen
Adm. dir. Helse Vest RHF